

## Referat styremøte 20. april 2022 kl 19.30

Stad: VØR

Møtte: Helen, Kristin, Edle, Ida Kristine, Liv Jorunn, Linn, Åse

Sak	Type	Beskriving	Løysing
Sak 1	Økonomi		<p>Har per i dag 592000 på konto. Har fått faktura fra kommunalbanken på 42000 (renta har gått opp).</p> <p>Har 20000 på sponsorkonto. 10000 på ridehall-konto. På stallkontoen er det 86000, skal ut ca 20000.</p>
Sak 2	Aktivitetar	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Treningshelger</li> <li>-Sette opp kurs for ungdom/junior med eigen hest.</li> <li>-Teorikveld</li> <li>-Klubbstevne i sprang ein kveld</li> <li>-Programtrenings i dressur</li> <li>-Vaksenkurs, både for dei som aldri har ridd før, og for dei som har ridd i ungdomstida.</li> <li>- Opningsshow 26. mai</li> </ul>	<p><b>Opningsshow 26. mai:</b> gratis inngang. Lage plakat (Liv Jorunn hører om Annika kan lage), ha bannerannonse på mre.no. Prøve å sende invitasjon til dei som har kjøpt rosett.</p> <p><b>AKTIVITETAR/INNSLAG:</b> Kan ha nokre innslag, men ha mest aktivitet for barn. Voltige (med juniorar, Liv Jorunn og Pokemann), sprangduell, Kjørekoppvisning (Liv Jorunn), Tønneløp (Liv Jorunn og Isabell?), Edle ri med lanse. Spørre Elisabeth eller Liv om å vise islandshest. Raseparade. juniorgymkhana. Miniski. Kan ha runderidning inne i hallen, og showet ute om det er fint ver (West, Tyra, Hatid, Sierda, Hauka, Line, reserve: Molly, LJ kjøre med vogn). Gjettekonkurranser: Kor tung er føllet, bæsjebingo, quiz.</p> <p><b>KIOSK:</b> Helen og Sander om han kan. Kan høre med Anja Sætre om å bake.</p> <p><b>BANEMANNSKAP:</b></p> <p><b>SPEAKER:</b> Ida Kristine</p> <p>Treningshelgene går av seg sjølv, blir om det er nok påmeldte.</p> <p>Liv Jorunn kan legge ut påmelding til ungdomskurs når det høver for ho.</p> <p>Kan ha ei gruppe på juniorkurs (Karin stille med Tyra). Legge ut tilbud om vaksenkurs mandag 2. mai.</p> <p>Programridning: 30. april, Ida skriv tekst, Åse legg ut 100 kr for medlem, 150 ikke-medlem. Ida dømmer, Linn og Åse er skrivars.</p>
Sak 3	Evaluering vintercup stemne dressur 16-17. april		<p>Fått veldig mykje skryt, frå steward, dommar, deltakarar.</p> <p>Samla seg ein del folk i inngangen til hallen, det ønsker vi ikkje. Kan gi beskjed frå dommaren, evt sette opp ein baneskilar/kjegler med lapp om kvar dei</p>

			<p>skal vere.</p> <p>Parkeringsa fungerte bra.</p> <p>Hugse å sette opp nokon til å rydde banene etter stemne.</p> <p>Lurt å ha skilt om når sekretariatet og kiosken opnar på døra.</p> <p>Vi går litt i minus, men vi tenker at det er veldig bra at vi har gjennomført likevel. Får ikkje rykte om at vi er ein klubb som avlyser.</p>
Sak 4	Junioraktivitetar	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Aktivitetshelg for barn og unge sponsa av Gjensidigestiftelsen kr 27 450,-</li> <li>- Rideleir - Magne haugen mindefond kr 24855,-</li> </ul>	<p>Aktivitetshelg: til hausten.</p> <p>Rideleir: tilby dei som stiller med hest 250 per dag (dei som leier hesten). 11.-12. juni om vi får tak i hestar (Molly, West, Tyra, Line, Hauka, Gledi/Hatid, Sierda, Sally, Viola, LJ stille med vogn, Silje Heltne sine hestar, Torden). Lage ein chat med eigarane til desse hestane. Ida Kristine kan lage ei slik gruppe. Tilby å hente hestar på beite, tilby oppstalling.</p>
Sak 5	Plassering og organisering uteområde på anlegget vårt		<p>Vi treng meir grus på vegen, prate med Ingmar om vi skal høyre med kommunen eller spørre Sindre om å få kjøpe noko billeg med han. Lage renner i vegen på hausten.</p> <p>Far til Åse vil seie om vi kan sette kiosk på langsida mellom ridehall og utebana. Vi ønsker å ha tribuna på kortsida på ridebana, mot naustet. Gjestebokser i hjørnet av parkeringa mot containeren. Flytte brakkecontaineren til kortsida bak ridehallen - høre med Sindre om han kan flytte den.</p>
Sak 6	Underlag ridehallen	Fått pris med Volda Maskin	<p>Koster 19000 eks. moms for 5 cm (100 tonn).</p> <p>Det er ca 9 cm sand no, stallmesteren anbefaler 8-9 cm toppdekke.</p> <p>La det ligge igjen 3-4 cm, kjøre på 5 cm med "ørstasand".</p> <p>Det vi tek ut frå hallen kan vi bruke som topplag i paddockane. Dette er toppdekke vi uansett må ha i paddockane, så her "sparer" vi pengar.</p> <p>Vi ønsker å høyre med fleire leverandørar: Stryn pukk, Aurstad. Åse høyrer med far sin om han veit om fleire. Edle høyrer om pris. Vi kan høre med Rolf og Andreas om å kjøre ut sand, og Sindre om han kan planere det ut.</p>
Sak 7	Bytte av krets	Svare på epost til NRYF om kvifor vi vil bytte krets	<p>Edle sender svaret vi har på mail. Legg til at kommunikasjonen er vanskeleg, vanskeleg å få tak i styret i kretsen. At årsmøte vert dårleg annonsert. Lite informasjon tilgjengeleg om cupar, resultat ol.</p>

Sak 8	Varmeromet	Kva står igjen her?	Foringer, lister, golvbelegg - Ingmar høyrer om pris hjå Målar Olav, Arnfinn kan hjelpe til å legge. Gelender oppe, evt rom til dommar (nb, mykje glas). Flytte inn det som skal inn der. Tenke over innreiing av rommet, korleis vil vi ha kiosken. Ikkje salsdisk rett innanfor døra. Ønsker oss ein skjerm (mogleg vi kan få ein via familien til Åse). Edle kan måle kor stor plass vi har til ein skjerm/tv. Edle sjekke pris på fiber.
Sak 9	Dugnad		Varmerommet: Liste og lage rekkverk oppe. Kjøpe glassplater til å ha der dommaren skal sitte.
Sak 10	Søke om støtte	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kulturmidlar communa frist 1. mai</li> <li>- Sparebanken Møre frist 1. mai</li> <li>- Sparebank 1</li> </ul>	<p>-Kulturmidlar - søke om utebokser. Får fleire som kan vere med på arrangement sjølv om dei ikkje står på senteret.</p> <p>-Sparebanken Møre - A3 printer, lamineringsmaskin og skjerm.</p> <p>-Sparebank 1 Drivkraft tilskot frist 15. mai, beløpsgrense 10 000 kr - forslag montering av utehøgtalarar Lydkjelleren. Kan gjerne ha høgtalar mot stallen, men kunne slå den av/på.</p>
Sak 11	17. mai		Folketoget kl 1600. Edle og Liv Jorunn rir. Vi må hugse fana! Legge ut at medlemmane må delta.
Sak 12	Vårrydding hestemøkk		Oppfordrer alle som er ute og rir til å ta vekk møkk etter hesten sin no fram mot 17. mai.
Sak 13	Nytt styremøte	Onsdag 18. mai, kl 1930 hos Linn.	

Lamineringsmaskin kr 549

<https://www.clasohlson.com/no/Lamineringsmaskin-A3,-varm-og-kald/p/44-4481>

A3 printer/scanner/kopi ecotank kr 7490

<https://www.dustinhome.no/product/5011192872/ecotank-et-15000-a3-mfp?ssel=true&ssel=true#>

Ekstra blekk:

<https://www.dustinhome.no/product/5011227637/ecotank-104?tab=specification>

Skjerm til vegg varmerom

Internett - fiber